



Mo kyrkje



Skafså kyrkje



Eidsborg stavkyrkje



Høydalsmo kyrkje



Lårdal kyrkje

*Kyrkjelydsblad for Tokke prestegjeld  
Nr. 2-2006 - Årgang 20*

KYRKJELYDEN



# Velkomen til eit nytt nummer av kyrkjelyden...

No er det snart jol, og lenge sidan vi sendte ut førre "Kyrkjelyden". Mykje vatn har runne i bekken sidan då, bokstaveleg talt! Vi saknar den glitrande kvite snøen, men får vel vera glad til, at ikkje allt regnet har kome som snø..

I kyrkja har vi opplevd mykje. Ny prost er endeleg på plass, og det var ei høgtideleg oppleving med gudsteneste i Mo Kyrkje, der Øyvind Jørgensen vart vigsla til prost i Vest-Telemark.

Utgreinga om kyrkjerom på Dalen held fram, konfirmantane er godt i gang med undervisninga, og konfirmantjubilantar har møtts i båe sokna.

Diakonien har hatt eit sær sars vellukka verdiseminar i Vinje, med Vest-Telemark fylla på dagsordenen.

I Mo Kyrkje hadde vi ein flott adventskonsert, og vi ser no fram imot jolehøgtida.

Vi på kyrkjekontoret ynskjer dykk alle ei gledeleg og fredfylt jolehøgtid.

Svenning Jørgensen.

Framsida - Legging av spon på stavkyrkja. Foto: Ove Kjell Huvestad

**Redaktør:**  
Svenning Jørgensen

**Med god hjelp frå:**  
Eilev Erikstein

**Formgjeving:**  
Ove Kjell Huvestad.

**Gåver til "Kyrkjelyden"**  
kan betalast inn på  
bankgirokonto  
2685 07 06947

**Kyrkjekontoret i Tokke**  
Tlf 350 77 188  
Fax 350 77 052

**E-post:**  
soknepresten@tokke.kommune.no  
kyrkjeverja@tokke.kommune.no  
kyrkjekontoret@tokke.kommune.no

**Postboks 94**  
3886 DALEN

**Kontoret er ope:**  
Måndag, tysdag, onsdag, torsdag  
og fredag - kl. 0900-1330.

---

Prost Jørgensen, Øyvind A.	- mobilt.	995 16 348
Sokneprest Jørgensen, Svenning	- mobilt.	909 76 719
Prostidiaakon Erikstein, Eilev	- mobilt.	911 13 580
Kyrkjeverje Huvestad, Ove Kjell	- mobilt.	908 77 188
Organist Radziej, Zbigniew,	- mobilt.	412 71 930
Organist Lamsodis, Robertas	- mobilt.	970 97 475

# “Kva har hendt med jula?”

Av biskop Olav Skjevesland

Ein skuleelev på julejobb i shoppingsenteret pakkar julegåver så kvikt ho maktar: Julepapir, blanke band og kjappe fingrar i samspel. Ho kastar eit blick på den lange køen framfor pakkedisen. Ho klarar ikkje å dy seg, og sukkar høgt: ”Kva i all verda er skjedd med jula?”

Sukket er lett å skjøne. Jesu fødsel inn i vår verd har nesten drukna i shopping, pakking og køkøyning. ”Adventstida” har vorte ”shoppingdagane før jul”. Englesongen over Betlehemsmarkene er blitt til kassaklangen over julemarknaden. Ja, kva har hendt med jula? Under sukket ligg vel eit ynskje om å finne tilbake til jula si ”eigentlege” meining.

Når vi spør etter jula si ”eigentlege” meining, spør vi sjølvsagt etter jula si ”religiøse” meining. For jula er jo, ikkje sant, feiringa av Jesu fødsel. Han kom for å bringe freden og gleda og nåden inn i livet vårt. Dette er jula si meining som heilag høgtid.

Det er ikkje merkeleg at vi sukkar over at materialismen tilslørar det under Gud gjorde i Maria sitt liv. Det er heller ikkje rart at vi lengtar tilbake til den eigentlege meininga med jula.

Men stopp litt! - Når vi tenkjer slik og lengtar etter ei ”rein” jul, uskuldskvit som eit julekort - då kan vi faktisk tape heile poenget med jula. Lukas fortel ikkje at Jesus vart fødd på ein heilagdag. Jesus vart ikkje fødd i kyrkjetida, for å seie det slik, men under ei skattinnskrivning.

Jesus vart fødd på ein dag med livleg handel i kroer og vertshus. Det var kø langs vegane og umogeleg å finne hotellrom. Då englar proklamerte at Jesus var fødd, heldt ikkje prestane på med å tenne ljøs i tempelet. Fattige gjetarar strevde til livets opphald ute på jordene.

Det er klart at meininga med jula kan drukne i stress og kommers. Men det som er like klart, er at Jesus kom til denne verda i jordisk kjøt og blod. Jesus kom ikkje inn i eit åndeleg avlukke, fjernt frå menneska sin livskamp. Han kom som menneskeven inn i våre kvardagar.

Var det ikkje slik, rommar ikkje Jesu fødsel ein god bodskap. Om jula si nyheit berre passa til avissida for religiøst stoff, var dette ein smal nyheit med lita rekkjevidde. Lukas sitt juleevangelium vil nettopp få fram at Jesus sin fødsel hende i den virvlande kvardagen til menneske. Difor passar nyheita på alle avissider. For nyheita gjeld livet i sitt mangfald. Kultur. Politikk. Business. Sport.

Neste gong vi står ved pakkedisen og ser på rada av menneske som stressar i jul-estrída- då kan vi tenkje: Det var til oss han kom, kvardagsmenneska. Som ven og frelsar.

# Innsetjingsgudsteneste i Mo kyrkje søndag 8. oktober



Foto: Kjell Aulie

Lenge hadde vi sett fram til å få ny prost på plass i Vest-telemark; og gleda oss til gudsteneste i Mo Kyrkje 8. oktober, der Øyvind Jørgensen skulle innsetjast som prost.

Saman med kollegaer gjekk Øyvind Jørgensen inn i prosjon til ei nestan fullsett kyrkje.

Mezzosopran Ingeborg Fangel Mo gleda oss med vakker song, og ein fiolinkvartett frå Tokke kulturskule spelte for oss.

Anne-Lise Bakken frå Høydalsmo og Lårdal sokneråd las opp tilsetjingsbrev frå biskopen.

Øyvind Jørgensen preika over teksten frå 1.Joh.4,8-11: ” Gud er kjærleik.... Mine kjære, har Gud elska oss så, då skuldar og vi å elska kvarandre.”

Biskopen heldt tale, der han ynskte nye prosten velkommen, og hadde gode ord til kyrkjelyden. Han innsette prosten med forbøn.

Etterpå var det fest på grendehuset, leia av Signe Bringsvær frå Eidsborg, Mo og Skafså sokneråd.

Det var god middag og stemming, og ein del helsingar, m.a. frå Ordføraren, Pinsekyrkjelyden Filadelfia, Sokneprest Kjell Arne Norum og prost Sveinall frå Bø.



Frå venstre sjukeheimsdiakon Bjørg Abusland, sokneprest i Tokke Svenning Jørgensen, sokneprest i Vinje Svein Ringhus, prost i Vest-Telemark Øyvind A. Jørgensen, biskop Olav Skjevesland og Sokneprest i Kviteseid Kjell Arne Norum.

Foto: Kjell Aulie

*Kjære dykk alle i Tokke!*

*Eg har ikkje skrive noko stykke til Kyrkjelyden denne gongen. Men eg nyttar gjerne høvet til ei lita helsing.*

*No har eg vore her i litt over to månader. Ein del av dykk som bur her, har eg kjent frå tidlegare, sidan eg har vore i Vest-Telemark i 32 år. Men dei aller fleste kjenner eg ikkje, og det tek tid å bli kjent. Men det har vore hyggeleg å helse på nye menneske, og eg har blitt godt motteken.*

*Det har vore fint å kome inn i staben i kyrkja, og likeeins å kome med i fellesrådet og soknerådet, det vil då seie Eidsborg, Mo og Skafså for min del. Takk til dei, som stelte så fint til i kyrkja og på grendehuset i Mo då eg vart innsett, og til Høydalsmo og Lårdal for hyggeleg kyrkjekaffi og velkomst i Høydalsmo. Dei tilsette på kommunehuset har også teke godt imot meg. Så mange stader har eg ikkje fått tid til å vitje, og det er farleg å nemne nokon, for då er det lett å gløyme nokon. Men eg har då fått vere på andaktar på helsesenteret, på gudstenester i kyrkjene og i kommunehuset, på øving med Tusen Stjerner, og så fekk eg vere gjest i barnehagen i adventsstunda deira. No når joli står for døra, blir det gudstenester med skular og barnehage, og det ser eg fram til, sjølv om det blir ei travel tid. Eg likar å vere saman med borna. Hyggeleg var det òg å vere med på fjellkyrkjebasaren i Skafså. Der fekk eg høve til å helse på veldig mange.*

*Det tek naturleg nok si tid å kome inn i eit nytt arbeid, både som prost og kyrkjelydsprest i Tokke. Men eg får trøyste meg til det gamle visdomsordet som soknepresten i Kviteseid siterer av og til: Kunsten å ete ein elefant er å ta ein bit av gangen. No lurar de kanskje på kvifor eg skreiv kyrkjelydsprest. Det er slik no at prosteembeta ikkje blir utlyst som sokneprest samtidig, men prostane gjer teneste som kyrkjelydsprestar slik biskopen avgjer det. Eg skal då gjere slik teneste i Tokke, medan Svenning er sokneprest. Dette vil bli nærare utforma når den nye tenesteordninga for prestar blir innført her i Vest-Telemark.*

*Elles er eg oppteken av at vi får til ein fin gudstenestestad på Dalen. Kyrkjene skal vi ta vare på og bruke, men vi treng lokalitetar som eignar seg til fleire føremål enn gudstenester, konsertar og kyrkjelege handlingar. Stavkyrkja er dessutan stengt i vinterhalvåret. Og så treng vi ein høveleg gudstenestestad der det bur mest folk. Kyrkja vil få plass i fleirbrukshuset, og det kan bli ei fin løysing, men nokre ting må avklarast før vi kan gå vidare med dette. Når det er i orden, må det òg skaffast kyrkje-inventar, så det er ein veg fram.*

*Så lurar nok mange på korleis det går med bustaden. Eg har fått på plass ein del ting etter kvart, men ikkje så svært mykje i høve til dette store huset. Det er også det greiaste no, sidan det skal gjerast ein del med huset når det nye året kjem, når Opplysningsvesenets fond får nye budsjettmidlar. Det viktigaste er at kjøkenet skal fornyast. Dessverre ser det ikkje ut til at det blir måling utvendig i første omgang.*

*Ja, det var litt frå meg i denne omgang. Eg ynskjer dykk alle god jol og godt nytt år, og ser fram til å bli meir kjent med dykk.*

*Helsing Øyvind A. Jørgensen*



## 50-års sidan!

Konfirmantar i Høydalsmo.

Bak frå venstre:

Liv Kleiv,  
sokneprest Olav Djuve,  
Hæge Noraberg,  
Helga Oftelid.

Framme frå venstre:

Ragnhild Løvland,  
Sigrunn Ofte,  
Svalaug Oftelid.



## Konfirmantjubleum.

Sundag 24. september 2006 var det konfirmantjubleum i Høydalsmo kyrkje. Etterpå var det fest på Høydalsmo samfunnshus.



Bak frå høgre: Sverre Noraberg og Bjørn Tore Kilen, 25-års konfirmantar.

Framme frå venstre, Else Marit Sætaberget og Jorunn Anita Gulseth, konfirmera i 1980, Olav Ansgar Holte, Olav Solberg, Sigrun Ofte, Svalaug Oftelid, Eva Kristensen, Hæge Noraberg og Ragnhild Løvland, 50-års konfirmantar.

## 75-års konfirmantar frå Mo.



Bak frå venstre: Ingebjørg Haugehåtveit, Tone Eikland Lunde, Lars Nevestveit og Maghild Gaastjønn. Framme. Halvar Bergvitz.

## VERDISEMINAR FOR TREDJE GONG

Denne veka baud Diakonatotet i Vest-Telemark, Vinje kommune og Vest-Telemark inn til Verdiseminar. I år for tredje gong. Fyrste gong handla det om på kva for verdidiar som styrer Vest-Telemark, sist år om friviljugt arbeid.

No var det “ Vest-Telemark fylla” ein ville ha ein edru prat om. Nitti menneske kom på seminaret i Vinjehuset. Her varierte alderen frå ungdomssuleelevar til oppegåande pensjonistar. Tydelege at mange meinte at tema var viktig. Som ein sa ute i gangen under i lunchen; ”Eg trudde berre det var eg som var uroa for mine ungdomar, men her er me mange som ser at det auka forbruket av alkohol ikkje er godt for oss.”

Ordføraren i Vinje Arne Vinje meinte at tida var inne for å bruke dei verktya kommunane trass alt har for å kunne styre skjenkeløyver.

Kafevert på Cafe G på Dalen Jesunesan Mariyanayagam. utrykte kom med hjartesukk frå restaurant-verda, om at flatfylla tok frå han heile gleda som kafevert.

Nils Johan Garnes frå Juvente kom i si innleiing inn på om ungdomen eigentleg kan klandrast for det auka konsumet. Overalt kor ungdom er, er det grønt ljøs for alkohol, sa Garnes.

Lunsjpause.



# Adventskonsert i Mo kyrkje

## sundag 3/12



I ein kald og våt desemberkveld, varma det godt å vera i Mo kyrkje søndag 3. desember, der fekk vi høyre vakker musikk og song. Det var bort i mot hundre personar i kyrkja denne kvelden, vertskap var Eidsborg, Mo og Skafså sokneråd. Som vanleg var det organisten i Tokke, Zbigniew Radziej, som er primus motor bak konserten, han hadde og god hjelp av Stan Blacburn. Det starta med allsong og tenning av det første adventsljuset, deretter fekk vi høyre Tokke songlag. Det var og innslag av ein fiolinkvartett frå Tokke kulturskule, som vanleg var dei flinke til å spele. Innimellom alle musikkinnslaga var det allsong, mange av dei gode gamle jolesongane. Elles fekk vi høyre Astrid Jupskås på fløyte og Stan Blacburn på trombone. Til slutt las ein konfirmant dagens tekst, og sokneprest Svenning Jørgensen, takka alle for innsatsen, og avslutta med "Fader vår..."





# EIN PILEGRIMS VANDRING FRÅ SELJORD TIL RØLDAL.

I sommar fekk eg nok ein gong vera med på å gå pilegrim gjennom Vest-Telemark. Det vart ein nydeleg tur. Fekk møte gode menneske, og sjå mykje fin natur. Undervegs kom det \og ein og anna tanke.

## **SELJORD-MORGEDAL DAG 1: FRIDOM**

*Nåde vere med dykk  
Og fred frå Gud vår Far*

Dei gamle pilegrimane hadde bestemt reiseutstyr med seg. Hatt og kappe til vern mot vær og vind. Stav til å stø seg på vegen. Staven skulle òg minne dei om kor naudsynt det er å stø seg til Kristus. Veska skulle vera lita. Ein pilegrim skulle klare seg med lite, og veska skulle alltid vera open slik at ein lett kunne dele med seg. Gjennom vandringa kan ane ein ny fridom og vera open for noko nytt. Folket på vegen er ulike. Nokon går for å få med seg historie og kulturen langs vegen, andre for helsa si skuld. Somme for trua på Jesus. Andre igjen for alt. Men det er den same varme sola me kjenner, og er takksame for. Nyt dei same svalande regnbyger, får like vonde gnagsår og kjenner lukta av sauemøkk, ja, trakkar jamvel i han. Vi går under den same høge himmelen. Følgjer dei gamle vegar. Dei som lagar nye vegar i sinnet. Midt i det heile kjem til å tenkje på den fattige kaffibonden på Haiti eg møtte på ei heilt anna reise for nokre år sida. Bonden vart spurt om han hadde von om det kunne vera ein veg ut av Haiti si djupe krise; fattigdomen, naud og ufred. "Me går og går og til slutt blir det ein veg," var svaret.

## **MORGEDAL-ØYFJELL DAG 2: STEGET**

*Eitt to, ein støvel og ein sko.  
Eitt to, ein støvel og ein sko.*

Å sette det eine beinet framom det andre, er mi einaste oppgåve dei neste dagane. Det krev ikkje mykje. Får lov å koble bort jobb og liv nokre dagar. Tenkje på andre ting. Finne pusten. La gnagsår på beina erstatte dei på sjela. Men vandringa er meir enn geo-

grafi, og enno veit eg ikkje korleis det vil bli å berre vert å berre gå og gå. Kva som kjem opp i meg? Trygge Gudstankar eller trugande tvil. Trong til å be Gud og menneske om tilgjeving? Finn eg freden? Kjem eg nær andre? I lomma har eg ein liten stein. I den legge eg alt av vondt og tunge tankar. Ville bære steinen over fjell og legge han ned ved Røldals-kyrkja. Han var òg ein slags pilegrim den gamle husmannen frå Brunkeberg som skulle reise frå nauden i Norge til "Det lova landet.". Han pakka sakene og braut opp, hadde tala høgt om at han skulle til den store byen New York, men kom ikkje lengre enn nokre kilometer mot Seljord. Når han seinare vart minna om si mislykka reisa, retta han nakken og sa tørt: " Dette er mitt NewYork" Slik vil eg ha det. Fornøgd kva som enn kjem ut marsjen.



## **ØYFJELL- ÅMOT DAG 3: DET ENKLE**

*Kjære Gud eg har det godt,  
takk for alt som eg har fått.  
Du er god du holder av meg,  
kjære Gud du går aldri frå meg.  
Pass på liten og på stor  
Gud bevare far og mor.*

Naturen er rik, og dei som kan ser Gud i skaparverket. Fantastisk å få vera ute i mange timar. .Ligge i det grøne graset. Glede seg over regnbyga og sola som følgjer ein gjennom dagen. Stikke handa ned i ein bekk. Drikke seg utyrst. Takke for at vatnet hjå oss enno er drikkane. Kjenne seg sulten, glede seg rast med saltpølse og brunost. Bli som eit barn att. Vasse med stor glede i bekkane. Skeine steinar ut-over vatne. Springe fort opp på småtoppar for utsyn. Må bli som eit barn att for å skjønne dei små gleder. Sjølv Meisteren sa at me mått bli som små barn for å forstå han. Eg ber ei halvvegsløymt barnebøn. under marsjen. Takkar for dei som i si tid kom inn på min sengekant. Dei som sette seg ned der, song og koste med slik at eg kjente meg elska inn i natta. Og framom augo mine kjem dei eg sjølv kan syne kjærleik.



## **ÅMOT- MJONØY**

### **DAG 4: Å DELE**

*Sæl æ dei i føesheimen*

*Den fattige gjeve braud.*

*Han tar inkje reddast for i andre heimen*

*Fe lie nokon naud.*

*(Draumkvedet etter Maren Ramskeid)*

Ein pilegrim går med open veske og ryggsekk. Ein skal kunne dele både mat og opplevingar undervegs. Somme gonger gjev ein- andre gonger tek ein imot. Å ta imot kan vera like vanskeleg. Apostelen Peter nekta fyrst sjølv Jesus å vaske beina hans. Meistren mått bli streng, og fortelje at då kunne ikkje dei ikkje meir fellesskap. Pilegrimane gjennom Vest-Telemark får ein smak av eit gjestfritt folkeferd. På ein fest der diktaren Tarjei Vesaas frå Vinje var gjest, vart det ordskifte om kor folk var mest gjestfrie. Ein sa ”Me bed dei bli over natta”. Ein annan meinte at folk kunne ikkje bli mindre enn ei veke.” Tarjei stogga heile ordskifte med å seie: ”Hjå konn

seier me berre: Du blir vel over veten!” Den same diktaren selde ei hustomt til ein granne. Betalinga drog ut, og grannen klaga aldri så lite over at det var ei ulageleg hustomt han hadde fått seg. Tida gjekk og Vesaas såg aldri noko til tomtepengane. Men for å få orden på tinga tok han og kjøpte heile tomte attende, og naboen fekk pengane han skulle ha betalt. Slik kan vel og Guds nåde opplevast.

## **MJONØY-EDLAND**

### **DAG 5: I STILLA**

*Deilig er jorden*

*Prektig er Guds himmel*

*Skjønn er sjelens pilgrimsgang*

*Gjennom de fagre riker på jorden*

*Går vi til paradiset med sang.*

*( Frå Deilig er jorden)*

Som dagane går stilnar mangt og mykje. Mykje prat er ein ferdig med. Lydane forandrar seg, sjølv atten-meter lange trailar høyrer mest ikkje. Sinnet har skrudd inn på kortbølga. Ein trng ikkje skru at å fram for å finne rett bølgjelenge. No høyrer fuglesongen klart og tydeleg utan skurr og ulyd. Godt òg å sleppe og prate, godt at stilla ikkje lenger er trugande. Eller flau eller vitnar om dårlege sosiale fungering. Jesus søkte stadig stilla. Forsvann avsidet til disiplane si store fortviling. Dei meinte han hadde så mykje anna viktig å gjere. Men Jesus gjekk for å be og for å tenke. For å søkje kontakt med sin Far. Eg teknjer på karen som kom inni ei kyrkje kvar einaste dag. Sette seg heilt stille og berre såg opp på bilete av den krossfeste Kristus. Kva han såg etter vart, han spurt: “ Eg ser på han og han ser på meg.. let svaret. Kan hende var det Kristus-bilete frå Vinje-kyrkja han såg på. Om det sa Henrik Sørensen som måla den ljose og milde Kristus;” Vinbyggjane skal ha ein mild Kristus fordi dei er så snille”. Eg ber og om å få møta den milde Kristus når eg skal vandre over det siste fjellet.

## **EDLAND-BOTN**

### **DAG 6: RO**

*Eg lyfter min augo til fjella.*

*Kvar kjem mi hjelp ifrå?*

*Mi hjelp kjem frå Herren,*

*Han som skapte himmel*

*og jord.*

*( Or Salmane)*

Det er i motbakker det går oppover, seier ein lett. Men under vandring kjenner eg mindre og mindre uro. Den udefinerbare uro er bytt bort med reel smerte, og vonde gnagsår. Dei er lettare å bære en den hitt! Om når fjellet kjem mot meg, tek eg til å forstå orda frå Salmane i Bibelen på ein ny måte. Eg vil opp på toppane. Eg vil finne Gud høgt der opp. Der oppe vil eg legge av meg all uro og bekymring. Klatrar eg høgt nok, er flink nok, seier fram dei rette bønner til rette tider får eg vel møte Herren sjølv her oppe på fjellet. Gud ber oss lyfte augo å sjå - då får me kanskje oppleve ein som kjem oss i møte med opne armer ned liene? Når me klatrar som verst for å nå Han - er Han alt hjå oss. Han som kjem oss i møte for å lyfte av seg børa vår. Og sauane på fjellet talar sterkare enn alt om kven han er: Sjå der er Guds lam som ber bort all verdas synd.

### **BOTN- HAUKELISETER**

#### **DAG 7: LANGSAM**

*La konna seie at eg kjem med hest og klyv,  
Å du gjeng med ein kallege kasse på ryggen.  
Og so seie eg at; Kom mæ kassen fin,  
So legg me den uppi klyve.  
( Gamal herme frå Vinje)*

Pilegrimsmarsjen er ikkje idrett. Det er ikkje ein gong nokon stor fysisk prestasjon om ein er så heldig å bein og rygg til å henge sekken på. Det er heller ei øving i å gå sakte nok. Går ein sakte nok, stressar nok ned flyt ein livet ned frå hovud-tankane ned i magen Det rasjonell, intelleuelle og logiske koblast meir og meir ut. Hjartedunkar frisk og godt, kjenslene tek magadrag rett som det er. Det indre menneske opnast. Skremmande og godt på ei og same tid. Så kan ein tenkje på Gud, menneske ein bryr seg om , har såra. Mange bilte flagar forbi. Ei dame eg møter i jobben min stikk stadig innom tankane. Livet hennar har aldri vore lett. Angst har jamt lura rundt husnovene. Men ho ber meg heim til seg til mat og kaffi. Får med til å kjene meg vel. Spør koleis eg har det på ein slik måte at eg vert stum. Er det ikkje eg som skal stille spørsmåla. Så ein vanleg tordagsføremiddag ser ho på meg med sine gode augo, medan ho tørt sier: "Du skal vita at du er ein del av livet mitt" Og eg takkar og tenker at finare komplemenet har eg ikkje høyr. Så heldig eg er som får vera ein del av eit anna mennesket sitt liv.

### **HUKELISETER-SVANDALSFLONA**

#### **DAG 8: TRU**

*Når ein ser ein kjær blom  
trakka på og audmjukt og knekt  
Men ser han reise seg på ny  
Få helse, få fargar bli vakker  
Få kraft til å reise seg  
Då synest ein ikkje at livet er spilt.  
(Tarjei Vesaas)*

Dei fyrste pilegrimar vandra mot Gud. Eller der ein trudd at Gud var. Ein ville bli fri sjukdom og synd. Få kaste krykkjer av mange slag. Gjera bot, reise seg på nytt som ein nedtrakka blom, og bli vakker etterpå: Det svingar av namna på pilegrimsmåla; Santiago del Compostella, Vadsten, Nidaros og Røldal. Når ein ser slutten på heile vandring kjem tankar om verdien, poenget og nytta av ein slik tur. I vår samanheng er målet blitt mindre viktig, nå talast det vel helst om prosessen, vegen, vandring- eit ord høyrer saman tru. Trua er ikkje anna enn vandringa med Jesus. Somme gonger nær- andre gonger fjernt. Ofte kjensla av han har gøymt seg. Men tru er å lyfte blikket bort frå seg sjølv. Vera heldig som får sjå på Jesus i staden. Trongen for ord er overvurdert. Ofte kjem orda som plutselig skoddedottar i fjellet, og skuggar for sola. Den gamle ortodokse Kristus-bøna ber ein seie Jesus Kristus på innpust og: Herre miskunne deg over meg - utpust. Og skulle ein bruke heile livet til å finne ut av trua- vil det framleis vera Ein som ventar.

### **SVANDALSFLONA-RØLDAL**

#### **DAG 9: MÅLET**

*Måtte vegen stiga opp  
For å møte deg  
Måtte vinden alltid vera deg i ryggen*

*Måtte sola skina varmt  
På diitt andlet  
La regnet falle mjukt på  
Dine åkrar  
Og til me møtast att  
Må Gud halde deg i si hand.*

*(Gamal keltisk velsigning)*

Vegen har vore god. Rett mengd av sol og regn Og eg har kjent at Gud har halde oss i si hand. Og endel



eg er målet i sikte. Det velsigna målet. Vandrainga går mot slutten. Kjenner meg velsigna. Takksam for at eg fekk gå turen Eit steg er den enklaste rørsle som finst. Men likevel ikkje gjeve alle å oppleve. Takksam for menneske har møtt langs vegen. Alt det vakre, alt det god, alt gjeve oss frå Skaparen si han. Han som har velsigna meg så rikeleg at eg tek det heile som sjølvsagt, og ofte gløymer på takke.

Det minner meg om gutungen som vart sendt til granne garden for å kjøpe jordeple. Kona på granne-garden ville ikkje ha pengane guten hadde med seg. Guten vart fortvila og redd. Mora hadde då sagt tydelege at han alltid måtte gjera opp for seg. Men den gode kona sa berre: Gjev det gode du møter vidare.

Den gamle kaffebonden på Haiti hadde rett. Det vart ein veg. Ein god veg. Ei god reise.

## Gode gjerningar for 14.gong

For 14. gong skal det delast ut pris til folk eller organisasjonar som gjer godt mot nesten sin i Vest-Telemark. Kyrkjias SOS i Telemark, Vest-Telemark Blad, postbod, Waldenstrøm Kafe, husmødre, bussjåførar og anna ”godtfolk” i Vest-Telemark, er mellom dei som har fått diakoniprisen til no. For 2006 gjekk prisen til Arthur Haugen i Bandakslid.

Prisen vert dela ut av styret for diakonatet i Vest-Telemark prosti, eit samarbeid mellom kyrkjelydane i Nissedal, Fyresdal, Kviteseid, Tokke, Rauland og Vinje.

Fram til **01.03.07** kan ein kome med framlegg til lagelege kanidatar. Namn med ei lita grunngjeving kan sendast til:

**Prostidiakonatot i Vest Telemark, Postboks 94, 3886 Dalen.**

## NY UNDOMSKLUBB PÅ SOKNEHUSET PÅ DALEN

Elise, Jostein, Isabell, Inger Helene og Per Sigmund er trivelege folk å vera i lag med, seier konfirmantane i Tokke. Dei fire ungdomane frå Kvitsund er leiarar for den nystarta ungdomsklubben på Soknehuset på Dalen. Annankvar måndag i haust har mellom 10-15 ungdomar vore samla til leik, bordtennis, mat og ord til ettertanke. Det er lagsdiakon Reidun Nødland som leiar prosjektet med ungdomsklubbar kring i Vest-Telemark. Femti ungdomar frå Kvitsund Gymnas. er med. For tida har hjelper dei til med klubbar i Rauland, Edland, Åmot, Flatdal, Seljord, Treungen.

Ungdomsklubben på Dalen skal ha fem kveldar framover våren;

Måndag 15 januar,

Måndag 29. januar

Måndag 12 februar

Måndag 12 mars

Måndag 26 mars

Måndag 23 april .

**Alle gonger frå kl.19-21 på Soknehuset på Dalen**

Klubben er open for åttande, niande, tiande klassa samt vidaregåande elevar.

Kroken *Minne Stein as*  
3760 Neslandsvatn, [www.minnestein.no](http://www.minnestein.no)

**GRAVSTEIN**  
Lang erfaring i bransjen.  
Ingen fordyrende mellomledd.  
Direkte kontakt med oss  
som utfører jobben.

**Be om katalog! 35 99 44 44**

## SLEKTERS GANG

### DØYPTE

#### Skafså

Sebastian Solheim  
Celine Heddeslid Stenberg  
Aleksander Småbrekke



#### Mo

Marcus Andersen (døypst i Bjorbekk krk., Arendal)

#### Eidsborg

Kari Sofie Mariyanayagam  
Ina Støyle Rasmussen  
Alexander John Barstad  
Aurora Sæbø Hellstrand

#### Høydalsmo

Karen Sofie Waage Haugen (døypst i Nesland krk.)  
Linn Synnøve Sørli  
Katrine Sunde Aalandslid

#### Lårdal

Ingrid Kristensen Strånd  
Mari Mandt  
Jorunn Helene Djuvet-Kovajord  
Eline Omland Sending

### VIGDE

#### Eidsborg

Siri Magnussen og Stian Sørsdal

#### Lårdal

Irene Kristense Djuvet  
og Sigurd Asle Heimdal



## DØDE

### Skafså

Sigrid Barstad  
Inga Nystad  
Emma Odden  
Jon Olav Eikland Østenå  
Einar Heggliid



### Mo

Randi Kristine Berdalen  
Signe Johanne Aabø Midtgarden  
Arne Larssen  
Torbjørg Kasine  
Ingebjørg Talleivsen  
Gunhild Haugehåtteit  
Olav Tovshus  
Gudrun Sørensen  
Ånund Mostøyl  
Anne Flåten

### Eidsborg

Håkon Sollid  
Annars Taraldlien  
Ottar Taraldlien  
Olga Bertine Espebu

### Høydalsmo

Anne Mostaul  
Eivind Nygård  
Jonas Aamot  
Jenny Haldis Tellefsen  
Tjostolv Åmot  
Torleif Ormestøyl  
Ingebjørg Haugesag (gr.l. Bø krk.gard)

## GUDSTENESTER

I

TOKKE PRESTEGJELD  
JOLA 2006 - MARS 2007

24. desember - joleftan  
**Tokke helsesenter kl. 11**

Gudsteneste  
Øyvind Jørgensen

**Lårdal kyrkje kl. 16**

Gudsteneste  
Svenning Jørgensen

**Kommunehuset, Dalen kl. 16**

Gudsteneste  
Øyvind Jørgensen

25. desember – joledag

**Høydalsmo kyrkje kl. 11**

Gudsteneste  
Svenning Jørgensen

26. desember – 2. joledag

**Mo kyrkje kl. 11**

Gudsteneste  
Svenning Jørgensen

31. desember – nyårseftan

**Skafså kyrkje kl. 21**

Gudsteneste  
Øyvind Jørgensen

1. januar – nyårsdag (Jesu namnedag)

Ikkje gudsteneste i Tokke

Sundag 7. januar – Kristi openberringsdag

**Kommunehuset, Dalen kl. 11**

Gudsteneste  
Øyvind Jørgensen

**Lårdal kyrkje kl. 19**

Gudsteneste  
Svenning Jørgensen



## FULLDISTRIBUSJON

Returadresse:  
KYRKJELYDEN  
Postboks 94  
3886 DALEN

*Sundag 14. januar – 1.s.e. Kr.op.dag*  
**Mo kyrkje kl. 11**  
Gudsteneste  
Øyvind Jørgensen

*Sundag 21. januar – 2.s.e. Kr.op.dag*  
**Høydalsmo kyrkje kl. 12**  
Gudsteneste  
Svenning Jørgensen  
Konfirmantane deltek

*Sundag 28. januar – Vingårssundagen*  
**Skafså kyrkje kl. 11**  
Gudsteneste  
Svenning Jørgensen

*Sundag 4. februar – Såmannssundagen*  
**Kommunehuset, Dalen kl. 11**  
Familiens Misjonsdag  
Svenning Jørgensen  
**Lårdal kyrkje kl. 11**  
Gudsteneste  
Øyvind Jørgensen

*Sundag 11. februar – Kristi forklåringsdag*  
**Høydalsmo kyrkje kl. 11**  
Familiens Misjonsdag  
Svenning Jørgensen  
Song av Torsdagsklubben  
**Mo kyrkje kl. 19**  
Gudsteneste  
Svenning Jørgensen

*Sundag 18. februar – Sundag før faste  
(Fastelavnssundag)*  
**Kommunehuset, Dalen kl. 11**  
Gudsteneste  
Øyvind Jørgensen  
**Lårdal kyrkje kl. 11**  
Gudsteneste  
Svenning Jørgensen

*Sundag 25 februar – 1.s. i faste*  
**Skafså kyrkje kl. 11**  
Gudsteneste  
Øyvind Jørgensen

**Tokke helsesenter kl. 16**  
Gudsteneste  
Øyvind Jørgensen

*Sundag 4. mars – 2.s. i faste*  
**Lårdal kyrkje kl. 11**  
Gudsteneste  
Svenning Jørgensen

**Kommunehuset, Dalen kl. 17**  
Gudsteneste  
Øyvind Jørgensen

*Sundag 11. mars – 3.s. i faste*  
**Mo kyrkje kl. 11**  
Gudsteneste  
Øyvind Jørgensen  
Årsmøte

**Høydalsmo Alderspensjonat kl. 17**  
Gudsteneste  
Svenning Jørgensen

*Sundag 18. mars – 4.s. i faste (Midtfaste)*  
**Kommunehuset, Dalen kl. 11**  
Gudsteneste  
Øyvind Jørgensen

*Sundag 25. mars – Maria Bodskapsdag*  
**Skafså kyrkje kl. 11**  
Gudsteneste  
Svenning Jørgensen

**Lårdal kyrkje kl. 19**  
Gudsteneste  
Svenning Jørgensen

